

Morten Andersen
Nordgardsvegen 225
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5417 - 22/55989

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2022

Viltfond, støtte frå kommunal viltfond, Morten Andersen, i regi av Haukås/ Sætre hjortevald, 4631V0083

Administrativt vedtak: Saknr: 756/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver Alver kommune kr. 5.975 til Morten Andersen til dekning av utgifter ved feltkontrollør/- slakt kurs.

-Tilskotet utbetalast når bank kontonummer og dokumentasjon vert sendt til kommunen.

Vedtak om fordeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Saka gjeld:

Valdleiar Morten Andersen søker i brev dagsett 03.07.2022, på vegne av hjortevald Haukås/ Sætre 4631V0083, om tilskot frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om refundering av utgifter ved feltkontrollør/ slaktkurs. Kurs er planlagt 12-13 august 2022 på Svanøy.

Hjortevalda har planlagt å sende tre personar på feltkontrollørkurs da hjortevalda består av mindre erfarte jegerar.

Nytteverdien av kurset vert vurdert som høy såleis hjortevalda kan slakte, kontrollere og videre foredle slaktet på ein best mogleg måte.

Kostnad pr deltarar er kr. 5975.

VURDERING:

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltinga i kommunane.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Fondet kan nyttast til:

- *Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål og kan difor støttast med midlar frå viltfondet.

Administrasjonen har valt å dekke kurs til ei person da det nyopprettet hjortevaldet er tildelt 4 løyver sesong 2022. Dette er i tråd med målsettinga i kommunen at kvart hjortevald på sikt har ei godkjent feltkontrollør og brorparten av jaktfeltha skal hå i storvald.

Kurs i feltkontroll av hjortevilt set hjortevalda i stand til å selje kjøt av hjortevilt til lokal detaljist (restaurantar og butikkar) og privatpersonar.

Slaktkurset er og støtta med midlar frå viltfond da det kan auke det nye hjortevalds interne kunnskapar om slakting av hjortevilt. Slakt-/ parteringskurs vil sikra kvaliteten på slakta allereie i første jaktsesong i hjortevalda og styrke fokuset på dei viktige hygiene/ logistikk prinsippa som må ligge i botn for å oppnå eit kvalitetsmessigt godt sluttpunkt.

Regelverk

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/55989

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Morten Andersen

Nordgardsvegen 225

5915

HJELMÅS